

Møteprotokoll

Utval: Verneområdestyret for Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Møtestad: Mannskapsmessa på Duge, Sirdal

Dato: 11.8.2015

Tidsrom: 8.15-10.45

Følgjande faste styremedlemmer møtte

Namn	Funksjon	Representerer
Leiv Rygg	Medlem	Bygland kommune
Ole Tom Guse	Medlem	Forsand kommune
Margunn Nedrebø	Medlem	Gjesdal kommune
Trine L Danielsen	Medlem	Hjelmeland kommune
Ånen Werdal	Medlem	Hægebostad kommune
Brit Olimstad	Medlem	Kvinesdal kommune
Jonny Liland	Nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	Medlem	Suldal kommune
Tarald Myrum	Leiar	Valle kommune
Oddmund Ljosland	Medlem	Åseral kommune
Oddlaug Tjomsland	Medlem	Vest-Agder fk.
Maiken Messel	Medlem	Aust-Agder fk.

Følgjande faste styremedlemmer hadde meldt forfall

Namn	Funksjon	Representerer
Ragnhild Bjåen	Medlem	Bykle kommune
Hilde Gunn Bjelde	Medlem	Rogaland fk.

Frå administrasjonen møtte

Namn	Stilling
Tarjei Haugen	Verneområdeforvaltar
Guro Sødergren	Verneområdeforvaltar
Alf Odden	Verneområdeforvaltar

Andre som var til stades på møtet

Jon Rolf Næss	Bykle kommune
Peter Hermansen	SNO
Reidar Sandal	SNO
Per Ketil Omholt	FMAA
Katrine Skajaa Gunnarsli	FMVA
Catrine Stabel	FMRO

Underskrifter

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteprotokollen er i samsvarer med vedtaka på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Leiv Rygg (sign.)

Ånen Werdal (sign.)

Sakliste

Utvals- saksnr.	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr.
ST 14/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 15/15	Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 16/15	Referatsaker		
ST 17/15	Orienteringssaker		
ST 18/15	Etablering av besøkssenter i SVR og strategi for informasjon		2013/4254
ST 19/15	Nasjonalpark i SVR? Oppsummering av prosessen og vurdering av vidare arbeid		2014/3412
ST 20/15	Søknad om oppføring av turisthytte ved Sandvatn i Frafjordheiene landskapsvernområdet- Stavanger Turistforening		2015/1140
ST 21/15	Søknad om løyve til å sette opp bu i Skoådalen - Ivar Ljosland - Åseral kommune		2012/1833
ST 22/15	Søknad om utvidelse av stølshytte ved Dygrå (gnr/bnr: 9/9) i Sirdal kommune- Tor Sigve Vik		2015/3391
ST 23/15	Søknad om bygging av vintraveg i Gaukstøljuvet i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 57/1 og 57/2, Suldal kommune, Bjarne Bråtveit		2015/3286
ST 24/15	Søknad om bygging av nytt stølshus på Krokevasstølen i Dyraheio landskapsvernområde - gnr/bnr 53/3 - Suldal kommune - Lena og Magnar Bråtveit		2015/3032
ST 25/15	Klage på "endelig svar på klage fra Sandnes Røde Kors Hjelpekorps"- jf AU- sak 20/2014		2014/3310
ST 26/15	Søknad om dispensasjon til oppføring av nødbu og nytt lukehus ved magasin Storevatn i Åseral kommune- Agder Energi Vannkraft		2015/2912
ST 27/15	Eventuelt		

ST 14/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Ingen hadde merknader til sakliste og møteinnkalling.

Vedtak

Sakliste og møteinnkalling vert godkjende.

Vedtaket var samrøystes.

ST 15/15 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane – 11.8.2015

Handsaming i møtet

Ånen Werdal og Leiv Rygg vart føreslegne til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Ånen Werdal og Leiv Rygg vert valde til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

ST 16/15 Referatsaker

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Ingen referatsaker vart lagde fram på møtet.

ST 17/15 Orienteringssaker

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Sekretariatet la fram fleire saker til orientering for styret i ein eigen PP-presentasjon. Presentasjonen vil bli sendt styremedlemmene saman med møteprotokollen.

Vedtak

Styret tar gjennomgangen til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

ST 18/15 Etablering av besøkssenter i SVR og strategi for informasjon

Forslag til vedtak

Verneområdestyret vedtek denne overordna planen for informasjonsarbeidet i SVR:

1. Etablering av besøkssenter i Valle og Sirdal.
2. Etablering av informasjonssenter i Suldal.
3. Utvikling av innfallsportar og/eller utkikkspunkt på
 - Hovden
 - Kjerag
 - Håhellervatn
 - Månfossen
 - Ritlandskrateret
4. Drift av eksisterande interaktive informasjonstavler.

Verneområdestyret ber sekretariatet og AU starte arbeidet med finansiering og etablering av tiltaka i samarbeid med aktuelle kommunar og organisasjonar.

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 19/15 Nasjonalpark i SVR? Oppsummering av prosessen og vurdering av vidare arbeid

Forslag til vedtak

Verneområdestyret viser til orienteringane til grunneigarar, utval i SVR og kommunestyra om etablering av ein nasjonalpark i SVR. Med bakgrunn i tilbakemeldingane ber styret om at sekretariatet utarbeider forslag til verneforskrift og kart for ein nasjonalpark med utgangspunkt i dei statlege areala.

I samarbeid med kommunane vert forslag til verneforskrift og kart lagt fram i eigne møte med private og statlege grunneigarar i dei aktuelle kommunane. Saka vert deretter sendt dei same kommunane til vurdering med spørsmål om kommunane er einige i at den formelle prosessen for etablering av ein nasjonalpark SVR vert sett i gang.

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Det vart munnleg orientert om brev til Bykle kommune frå mange av grunneigarane på Hovden om denne saka.

Det vart og orientert om e-post frå sakshandsamarar i Vest-Agder fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune. Etter ynskje frå styremedlemen frå Rogaland fylkeskommune las sekretariatet opp e-posten frå sakshandsamar i Rogaland fylkeskommune.

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket vart gjort med ti mot ei stemme.

ST 20/15 Søknad om oppføring av turisthytte ved Sandvatn i Frafjordheiene landskapsvernområdet- Stavanger Turistforening

Forvalters innstilling

Verneområdestyret utsetter saken for å vurdere utbyggingen som en del av en samlet plan med hensyn til STF's utbyggingsplaner knyttet til verneområdene.

Forvaltningssekretariatet tar initiativ til å organisere ei samordningsgruppe som skal sammenfatte utviklingstrekk i ferdsel, bruk og komme med andre forslag til en overordna tiårsplan.

Gruppa skal ha med representanter fra STF, kommunene, villreinnemda og Lysefjorden Utvikling.

Arbeidet skal være ferdig juni 2016.

Søknaden vil bli tatt opp til en ny vurdering sammen med rapporten fra samordningsgruppa.

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 21/15 Søknad om løyve til å sette opp bu i Skoådalen - Ivar Ljosland - Åseral kommune

Forslag til vedtak

I medhold av § 48 i Naturmangfaldlova får Ivar Ljosland løyve til å sette opp bu på 30 m² (BYA) i Skoådalen i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde, gnr. 7/bnr. 8 i Åseral kommune.

Løyvet blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Åseral kommune
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport av byggematerialar.
- Bua må skilje seg minst mogleg frå naturomgjevnadane med omsyn til plassering, utforming og overflatehandsaming.
- Murane skal vere av naturstein eller støypte pålar. Kledning og taktekking skal vere i samsvar med byggeskikken på staden.
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd av omsyn til naturen i området.
- Alt avfall frå bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standard.

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 22/15 Søknad om utvidelse av stølshytte ved Dygrå (gnr/bnr: 9/9) i Sirdal kommune- Tor Sigve Vik

Forvalters innstilling

I medhold av kapittel IV, punkt 1.3 C får Tor Sigve Vik dispensasjon til å øke bebygd areal ved Dygrå i Sirdal kommune (gnr. 9/ bnr. 9) til **maksimalt 50m² (BYA)**.

Dispensasjonen gis med følgende vilkår:

- Samlet bebygd areal kan ikke overskride 50m² (BYA). I dette er inkludert uthus, plattinger, terrasser, svalganger o.l. jf. forvaltningsplan for SVR.
- Hytta må skille seg minst mulig ut fra omgivelsene og andre bygninger med hensyn til utforming og overflatebehandling – jf. forvaltningsplan for SVR.
- Byggjearbeidet må gjennomføres så skånsomt som mulig.
- Alt avfall etter byggingen må fjernes og håndteres etter gjeldende regler og standarder.
- Det må søkes om eget løyve for motorferdsel i forbindelse med transport av

byggematerialer.

- Det må innhentes nødvendig byggetillatelse fra Sirdal kommune.
- Byggingen må avsluttes innen 1.1.2017
- Endelig plan for det nye bygget skal godkjennes av forvaltningssekretariatet for SVR.

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 23/15 Søknad om bygging av vintraveg i Gaukstøljuvet i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 57/1 og 57/2, Suldal kommune, Bjarne Bråtveit

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1.1, bokstav a og kapittel IV, punkt 1.3, bokstav b i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får grunneigarar og hytteeigarar i området v/ Bjarne Bråtveit løyve til å bygge ein vintraveg ved Gaukstøljuvet i Dyraheio landskapsvernområde. Løyvet er avgrensa til terrenginngrep som gjer det mogleg å komme fram etter traseen med snøskuter på vinterstid.

Det blir gjeve løyve til følgjande inngrep i terrenget:

A. Nedre del av Gaukstøljuvet

Restaurering av eksisterande vintraveg og bru over Gaukstølåno over ein strekning på om lag 50 m. Inngrepet omfattar planering og legging av nytt betongdekke og eventuelt nye rør.

Bygging av ny vegtrase frå botn av juvet og opp til ei hylle søraust for juvet over ein strekning på om lag 40 m. Inngrepet omfattar sprenging, utfylling og planering for ein vegbredde på om lag 5 m.

B. Hylle søraust for Gaukstølåno

Nedgraving av betongrør der vegtrase kryssar Rossheibekken for ein strekning på 3 m.

Planering av vegtrase i ein skråbakke over ein strekning på 20 m. Inngrepet omfattar graving og utfylling til ein vegbredde på 4 m med ei skjering på maksimalt 3 m.

Bygging av støttemur i naturstein mot Gaukstølåno over ein lengde på om lag 10 m og ein høgde på maksimalt 1 m, for å komme rundt ein stor stein. Inngrepet omfattar bygging av støttemur og vegbane om lag 2 m ut i Gaukstølåno.

Mindre inngrep som flytting av steinar og fjerning av store tuer i vegtrasen for ein strekning på om lag 450 m.

C. Skitmyr

Bygging av bru på om lag 15 m over Gaukstølåno ved Skitmyr. Inngrepet omfattar nedlegging av om lag 15 betongrør med ein diameter på 70 cm og ei lengde på 3 m, samt støyping av ei betongplate over røra.

Det blir og gjeve løyve til å kjøre gravemaskin i vegtrasen i samband med byggearbeida.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Suldal kommune.
- Alle berørte grunneigarar må gje samtykke.
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport av byggematerialar.
- Terrenginngrepa må arronderast slik at dei skiljar seg minst mogleg frå naturomgjevnadane og slik at attgroing av ny vegetasjon kan skje så raskt som mogleg.
- Byggearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.
- Alt avfall frå bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 24/15 Søknad om bygging av nytt stølshus på Krokevasstølen i Dyraheio landskapsvernområde - gnr/bnr 53/3 - Suldal kommune - Lena og Magnar Bråtveit

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV, punkt 1.1, bokstav a og kapittel IV, punkt 1.3, bokstav b i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Lena og Magnar Bråtveit løyve til å bygge eit nytt stølshus på 38.3 m² på Krokevasstølen i Dyraheio landskapsvernområde.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast naudsynt byggeløyve frå Suldal kommune.
- Det må søkast om eige løyve for eventuell motorferdsle i samband med transport av byggematerialar.
- Bygningen må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane og eksisterande bygningar med omsyn til utforming og overflatebehandling.
- Byggearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane.

- Alt avfall frå bygginga må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar.
- Innan 01.12.2016 må det i samråd med kulturminnestyresmakta utarbeidast ein plan for ivaretaking av det eksisterande stølshuset på Krokevasstølen

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 25/15 Klage på "endelig svar på klage fra Sandnes Røde Kors Hjelpekorps"- jf AU- sak 20/2014

Forvalters innstilling

Verneområdestyret viser til tidligere saksbehandling og vedtak og kan ikke se at det har kommet nye opplysninger i saken til at vi endrer på allerede fattet vedtak jf. AU-sak 74/14.

Saken vil bli sendt over til Klima og Miljøverndepartementet.

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 26/15 Søknad om dispensasjon til oppføring av nødbu og nytt lukehus ved magasin Storevatn i Åseral kommune- Agder Energi Vannkraft

Forvalters innstilling

I henhold til § 48 i naturmangfoldloven får Agder Energi dispensasjon til utskifting av eksisterende brakke med ny nødbu og lukehus ved magasin Storevatn i Åseral kommune.

I henhold til verneforskrift for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområdet kapittel 5 pkt. 5.4 b) får Agder Energi Vannkraft dispensasjon til bruk av helikopter i forbindelse med byggeløyve.

Dispensasjonen gis etter følgende vilkår:

- Lukehus og ny nødbu skal ikke være større enn prosjektert i byggesøknad.
- Byggearbeidet skal forgå så skånsomt som mulig.
- Alt avfall fra byggearbeidet skal fjernes i henhold til gjeldende regler og standarder.
- «Buene» skal plasseres så diskre i terrenget som mulig.
- Byggearbeidet må være ferdig innen 30.08.2016
- Med hensyn til motorisert ferdsel vil andre vilkår gå frem av standard løyve.

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Styret drøfta saksutgreiinga og forslaget til vedtak.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 27/15 Eventuelt

Saksprotokoll i verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 11.8.2015

Handsaming i møtet

Ingen saker vart tatt opp under eventuelt.